

## Skorpohuset er borte

07.02.2016



Skorpohuset synger sin siste sang i fjor

**Eit tradisjonsrikt hus på Skorpo er no borte etterat kommunen gav Marit og Oscar langballe løyve til å riva det opprinneleg vakre våningshuset som var bygd så tidleg som i 1828. Det var utvida fleire gonger. Eigargane var faktisk usikre på kva som var det opprinnelege huset.**



-- og no er det borte...

Det vart etterkvart sterkt skada av ver og vind og fekk store taklekkasjar. Til slutt var det ikkje mogeleg å redda huset utan ein total hovudombyggjing eller nybyggjing. Huset var SEFRAK-registrert men lot seg ikkje bevara lenger. Det står eitt godt tenleg kårhus att på tunet.

Rivinga var ute på høyring sidan mai i fjor og kommunen tok ikkje imot nokre merknader. Oscar og Marit har gjort ein stor jobb på garden og øya med restaurering av sjøhus, kårhus og eldhus og har i den seinare tid hatt låve og fjøs under restaurering. Dei har konsentrert seg om dei husa dei trengte for gardsdrifta og såg seg ikkje istand til å andre former for drift. Det er lenge sidan dei budde fast på Skorpo.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Hans Ordin Østebø